

Ei tannhelsereform no!

Ei av dei viktigaste sakene SV fekk på plass til i budsjettforliket med regjeringa for 2022 var ei tannhelsereform. Det var på tide! Tannhelsetenestelova frå 1983/84 er utdatert og samsvarar ikkje med anna helselovverk. Kart og terreng stemmer ikkje, spesielt ikkje for ein del grupper, psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon, eldre, langtidssjuka og uføre i heimesjukepleie og for personar med ruslidingar.

Alt for mange pasientar fell mellom stolane slik lovverket er utforma i dag, og det er krevjande både for tannhelsetenesta og samarbeidspartar å ha oversikt over kven som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta.

Derfor må ein tannhelsereform bli den neste store helsereforma, og den må skje i regi av det offentlege, hos fylkeskommunen.

I budsjettforliket er det semje om at fleire unge skal få billigare tannlege. Det vil bli meir støtte til barn og unge som treng tannregulering, og kapasiteten i den offentlege tannhelsetenesta skal aukast. I reine pengar betyr dette 100 millionar til å styrke den offentlege tannhelsetenesta gjennom fylka. 168 millionar for å kunne gi 50% rabatt til 21 og 22-åringene. 60 millionar til å styrke tilrettelagt tannhelsetilbod for utsette grupper. I tillegg vert det løyvd 50 mill til å styrke refusjonsordninga for barn og unge som får kjeveortopedi.

Dette er pengar som SV meiner fullt og heilt må gå til fylkeskommunen. Bekymringa er at den offentlege tannhelsetenesta ikkje har stor nok kapasitet til å gjere desse oppgåvene, korkje når det gjed areal eller personell, og at pengane derfor vil gå til det private.

Fleire tannklinikkar, inkludert Vestland sine har ikkje kapasitet reint fysisk til å huse fleire tilsette og pasientar enn kva dei allereie gjer i dag. I tillegg har det over tid vist seg å vere vanskeleg å rekruttere kvalifisert personell til dei offentlege tannklinikane. Deler av årsaka til dette viser seg å vere at den offentlege tannhelsetenesta for det meste har mange grupper av pasientar som kan vere svært krevjande å behandle. Tannlegane sjølv seier at det er viktig å også kunne ta inn vaksne betalande pasientar. Dette for å sikre kvaliteten i tenesta, for å rekruttere til tenesta, og for at dei tilsette å skal kunne stå i det tunge arbeidet. Å behandle også vaksne pasientar gjev ein variasjon som er gunstig på mange område.

Vestland SV ber om at:

- Arbeidet med ei ny tannhelselov må prioriterast høgt, for å sikre at dei som skal vere prioritert faktisk får dei tenestene dei har rett på.
- Det må med ein gong startast utbygging av den offentlege tannhelsetenesta, for å sike auka kapasitet i dei fylkeskommunale tenestene.
- 21- og 22-åringene må prioriterast slik at pasientgrunnlaget blir variert nok til å gjere det attraktivt å jobbe i den offentlege tannhelsetenesta